

No vaknar hagen frå vinterdvalen

15.04.2013

No vaknar hagen frå vinterdvalen, slår Anders Totland fast på bloggesida si. Den unge valebuen som har grønne fingrar vil onsdag klokka 18 gje mange gode råd i samband med det. Det skjer i KV-lokala (tidlegare AFA) og Hageselskapet Kvinnherad ventar stort frammøte av hagefolk som står i startgropa og berre ventar på gode råd.

Anders er journalist i Sunnhordland men har og ei populær bloggespalte på nettet , Foredraget hans heiter Frå hage til mage og han er levande interessert i bruk av urter og planter til matlaging. Difor reiser han rundt med bodskapen sin.

Det kostar 100 kroner for ikkemedlemmar og 75 kroner for medlemmar og det vert loddsal opplysar Eva Karin Haugland Marit Helvik kan svare på eventuelle spørsmål på 901 59325.